



| Styre/råd/utval | Møtedato | Saknr |
|----------------------------------|------------|-------|
| Fellesnemnd for den nye kommunen | 08.02.2019 | 14/19 |
| Kommunestyret | 11.02.2019 | 12/19 |

Saksansvarleg: Kristin Karlbom
Dahle

Arkiv: K1 - 141, K3 - &10, K1-
020 Arkivsaknr.: 17/2804

Samfunnsdel av kommuneplan for Midt-Telemark kommune. 2.gongs behandling og endeleg godkjenning.

Rådmannen tilrår:

Interkommunal samfunnsdel av kommuneplan for Bø og Sauherad kommunar (Midt-Telemark kommune) 2019-2031 vert vedtatt i tråd med plan- og bygningslova §§9-3 og 11-15 slik han ligg føre, men med endringane som er vist i saksomtala. Vedtaket forutset likelydande vedtak i Sauherad og Bø kommunar.

11.02.2019 Kommunestyret

Behandling:

Ingebjørg Ø. Nordbø la fram slikt framlegg: Saka utsettast.

Framlegg om utsetting fell med 19 mot 6 som stemte for utsetjing.

Anne Birgit Tresland la fram slikt framlegg: Ta med de 7 endringespunktene som UNPT utvalg har enstemmig vedtatt.

Rådmannens tilråding med endringar frå fellesnemnda vart vedteke med 22 mot 3 stemmer som gjekk til framlegget frå Anne Birigt Tresland.

K- 12/19Vedtak:

Interkommunal samfunnsdel av kommuneplan for Bø og Sauherad kommunar (Midt-Telemark kommune) 2019-2031 vert vedtatt i tråd med plan- og bygningslova §§9-3 og 11-15 slik han ligg føre, men med endringane som er vist i saksomtala. Vedtaket forutset likelydande vedtak i Sauherad og Bø kommunar.

Følgjande endringar vart vedtekne:

P 3.2.4

Vidareutviklar tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid mellom barnehage, skule og skulehelsetenesta ved målretta innsats og kompetanse.

P 3.3.4:

Utviklar tilbodet for menneske med behov for kort- og langvarige og/eller koordinerte tenester, med satsing på førebygging og lågterskel behandlingstilbod.

P 1 første setning i arealstrategien

Bø utviklast som regionsenter for Telemark, Gvarv som lokalsenter for Midt-Telemark kommune og Akkerhaugen, Hørte og Nordagutu som grendesentra.

P 2 i 2. setning i arealstrategien:

Anna bustadbygging skal bygge opp under eksisterande grendesentra, men det skal vere høve til spredt bustadbygging og små husklynger tilknytt eksisterande bebyggelse etter gitte kriteria.

P 4 i arealstrategien:

Det skal leggjast til rette for at veksten i lokal persontransport skal takast gjennom gange, sykkel og kollektivtransport.

P 8 i arealstrategien:

Strandsona skal sikrast for allmenta, samstundes som potensialet for å utløyse aktivitet for turistnæring og bustadutvikling vert ivareteken. Bruken av vassdraget skal ikkje føringa verdiane i strandsona eller stenge tilgangen for befolkninga. Kommunen skal arbeide for å ivareta dei kulturhistoriske verdiane knytt til vassdraget.

08.02.2019 Fellesnemnd for den nye kommunen

Behandling:

Framlegg frå Mette Haugholt (A):

Ending i punkt 8 i arealstrategien: Strandsona skal sikrast for allmenta, samstundes som potensialet for å utløyse aktivitet for turistnæring og bustadutvikling vert ivareteken. Bruken av vassdraget skal ikkje føringa verdiane i strandsona eller stenge tilgangen for befolkninga. Kommunen skal arbeide for å ivareta dei kulturhistoriske verdiane knytt til vassdraget.

Framlegget frå Mette Haugholt vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Aslaug Norendal (V):

Endring i punkt 2 i arealstrategien:spredt bustadbygging og små husklynger tilknytt eksisterande bebyggelse etter gitte kriteria.

Framlegget frå Aslaug Norendal vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Per Simon Slettebø (Sp) til nytt punkt 3.2.4:

Vidareutviklar tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid mellom barnehage, skule og skulehelsetenesta ved målretta innsats og kompetanse.

Framlegget frå Per Simon Slettebø vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Per Simon Slettebø (Sp) til nytt punkt 3.3.4:

Utviklar tilbodet for menneske med behov for kort- og langvarige og/eller koordinerte tenester, med satsing på førebygging og lågterskel behandlingstilbod.

Framlegget frå Per Simon Slettebø vart vedteke med 8 mot 2 røyster.

Framlegg frå Per Simon Slettebø (Sp) til Arealstrategien punkt 1 første setning:

Bø utviklast som regionsenter for Telemark, Gvarv som lokalsenter for Midt-Telemark kommune og Akkerhaugen, Hørte og Nordagutu som grendesentra.

Framlegget frå Per Simon Slettebø vart vedteke med dobbeltstemma til leiaren av fellesnemnda.

Framlegg frå Per Simon Slettebø (Sp) tillegg til punkt 4 i arealstrategien:

Det skal leggjast til rette for at veksten i lokal persontransport skal takast gjennom gange, sykkel og kollektivtransport.

Framlegget vart vedteke mot ei røyst.

Fellesnemnd- 14/19Vedtak:

Fylgjande endringar vart vedtekne:

P 3.2.4

Vidareutviklar tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid mellom barnehage, skule og skulehelsetenesta ved målretta innsats og kompetanse.

P 3.3.4:

Utviklar tilbodet for menneske med behov for kort- og langvarige og/eller koordinerte tenester, med satsing på førebygging og lågterskel behandlingstilbod.

P 1 første setning i arealstrategien

Bø utviklast som regionsenter for Telemark, Gvarv som lokalsenter for Midt-Telemark kommune og Akkerhaugen, Hørte og Nordagutu som grendesentra.

P 2 i 2. setning i arealstrategien:

Anna bustadbygging skal bygge opp under eksisterande grendesentra, men det skal vere høve til spredt bustadbygging og små husklynger tilknytta eksisterande bebyggelse etter gitte kriteria.

P 4 i arealstrategien:

Det skal leggjast til rette for at veksten i lokal persontransport skal takast gjennom gange, sykkel og kollektivtransport.

P 8 i arealstrategien:

Strandsona skal sikrast for allmenta, samstundes som potensialet for å utløyse aktivitet for turistnæring og bustadutvikling vert ivareteken. Bruken av vassdraget skal ikkje fôringa verdiane i strandsona eller stenge tilgangen for befolkninga. Kommunen skal arbeide for å ivareta dei kulturhistoriske verdiane knytt til vassdraget.

Bakgrunn for saka:

Fellesnemnda vedtok i møte 16.11.18 (sak 64/18, vedlagt) å legge forslag til interkommunal samfunnsdel av kommuneplan for Bø og Sauherad kommunar (Midt-Telemark kommune) 2019-2031 ut til offentleg ettersyn. Planen har vore ute på offentleg ettersyn og høyring i perioden 9.11.18-8.1.19. Vedlagt følgjer planforslaget med planomtale/planbeskrivelsen som har ligge ute på høyring.

Fellesnemnda er planutval for felles samfunnsdel og tilrår til kommunestyra, men dei to kommunestyra sjølv gjer endeleg vedtak av planen. Fellesnemnda behandlar saka 8.2.19 og *vedtaket i fellesnemnda blir ettersendt til kommunestyret i Bø, som har møte 11.2.19.* Kommunestyret i Sauherad behandlar saka 28.2.19. For at den nye interkommunale planen skal tre i kraft, må dei to kommunestyra fatte likelydande vedtak. Behandling av saka krev difor stor grad av koordinering mellom fellesnemnda og dei to kommunestyra. Dersom kommunestyra vil gjere endringar i planen utover det som ligg i tilrådinga frå fellesnemnda, må saka sendast tilbake til fellesnemnda til ny behandling og leggest fram for dei to kommunestyra på ny. Rådmannen si vurdering er at dersom kommunestyra ikkje fattar likelydande vedtak, så bør ny behandling av planen utsetjast til kommunestyret for Midt-Telemark kommune kan behandle denne.

Inntil ny plan er vedtatt, er det dei gjeldande samfunnsdelane av kommuneplanane for Sauherad og Bø som gjeld. Det vil sei at dersom kommunestyra ikkje fattar likelydande vedtak og saka utsetjast til nytt kommunestyre er konstituert, vil handlingsdel og økonomiplan for ny kommune i 2020 måtte baserast på to ulike samfunnsdelar. Felles arealdel av kommuneplanen skal ifølge vedtatt planstrategi for Sauherad og Bø utarbeidast i 2019 og 2020. Dette arbeidet kan ikkje starte opp før samfunnsdelen med arealstrategiar er vedtatt. Dersom vedtak av samfunnsdelen blir utsett til nytt kommunestyre, vil denne sannsynlegvis kunne vedtakast i første møte i 2020, og felles arealdel først i løpet av 2021.

Saksomtale:

Det har kome 13 eksterne høyringsuttaler og tre interne administrative uttaler i tillegg til at planen er behandla i hovudutvala, eldreråd, ungdomsråd og råd for funksjonshemma i begge kommunar. Høyringsuttalene følgjer som vedlegg og er oppsummert og kommentert under. I saka er det vist til nummerering av mål og strategiar som vist sist i saksomtala.

Eksterne høyringsuttaler

1. Fylkesmannen i Telemark
2. Telemark fylkeskommune
3. Statens vegvesen
4. Universitet i Sørøst-Norge
5. Bø og Sauherad idrettsråd
6. Idrettslaget Kjapp

7. Akkerhaugen velforening, Norsjø ferieland AS, Norsjø hotell AS, Nærbutikken Akkerhaugen og Akkerhaugen.no
8. Akkerhaugen velforening og Norsjø ferieland AS
9. Nordagutu velforening
10. Kulturstedet Guvihaug
11. Midt-Telemark Høyre
12. Miljøpartiet De Grønne Midt-Telemark
13. Anund G. Lindheim

Interne politiske høyringsuttaler

Uttalene bortsett frå ungdomsrådet er samla i ei sak frå Sauherad og ei frå Bø

14. Utval for næring, plan og teknikk i Sauherad
15. Utval for plan, teknikk og næring i Bø kommune
16. Utval for helse, omsorg og velferd i Sauherad
17. Utval for helse og velferd i Bø
18. Utval for oppvekst, kultur og integrering i Sauherad
19. Utval for oppvekst og kultur i Bø
20. Råd for funksjonshemma og eldreråd i Bø og Sauherad
21. Ungdomsrådet i Bø

Interne administrative høyringsuttaler

22. Sektor oppvekst Bø og Sauherad
23. Sektor helse og velferd Bø og Sauherad
24. Kommuneoverlege og kommunepsykolog

Eksterne uttaler

1. **Fylkesmannen i Telemark** uttaler at planen er godt gjennomarbeidd, oversiktleg og med klare prioriteringar. Støtter arealstrategien og tilråding i areal- og transportanalyse om innsnevring av tettstadgrensa for Bø og tilpassing av tettstadgrensa for Gvarv. Fylkesmannen meiner arealstrategien legg til rette for god sentrumsutvikling og reduksjon av transportbehov og klimagassutslepp. Det vert kommentert at dei to kommunane har ulike modellar i gjeldande arealplanar der Bø har ei vid tettstadgrense med jordbruksareal innanfor medan Sauherad har fleire mindre tettstader med jordbruksareal utanfor, og kommunane vert oppmoda til å vurdere riktig modell for sikring av dyrka mark ved tettstadutvikling. Planen har klare mål for landbruket og gir styringssignal for arealplanen som er viktig at blir fylgd opp. Tydeleg folkehelseperspektiv og ambisjon om medverknad og openheit. Av omsyn til miljø, klima, økonomi og tidsbruk bør befolkninga sitt transportbehov vere minst mogleg. Eit klart fleirtal av nye bustader bør kome i sentrale strøk.

Kommentar: *Uttala gir ikkje grunn til å endre planen.*

2. **Statens vegvesen** uttaler at kommunen bør ha eit mål om bli trafiksikker kommune

Kommentar: Trafikksikker kommune er ei sertifiseringsordning. Det blir for detaljert å ta inn denne i planen, men denne hører heime i trafikktryggleiksplanen. Begge kommunar har allereie fatta vedtak om å bli trafikksikker kommune, og arbeidet vil bli fylgd opp.

- 3. Telemark fylkeskommune** peiker på at FN sine berekraftmål blir sentrale framover. Kommunen bør synleggjere desse. Planen har ei tydeleg oppbygging som speglar dei tverrfaglege moglegheitene og appellerer til deltaking og ansvarsdeling for ei framtidsretta utvikling. Satsingsområda er tydelege, slik at dei treff folk og aktørar og viser at samhandling er viktig for å lukkast. Arealstrategien er i tråd med regional plan for samordna areal og transport i Telemark (ATP Telemark). Allereie er Bygdepakke Bø og Sauherad med fortetting, kollektivknutepunkt, gå- og sykkelsetning og sentrumsnære turvegar tema vi samarbeider om. Lokalisering og vekst må sjåast i samheng med senterstrukturen, der og Nordagutu og Akkerhaugen har viktige roller og særpreg dei kan bygge vidare på som grendesentra. Ved å samle verksemd og bustader får ein vekst, det synar Bø. Dette gir tilgjengelege tenester for dei som ikkje disponerer bil, og det gir vinn-vinn og føreseielege rammer for investeringar. Jf ATP Telemark skal bustadveksten skje 70% innafor tettstadgrensene og handel innafor sentrumsgrensene. Dette er viktige prinsipp for å samordne samspelet mellom bustader, arbeidsplassar, tenester og tyngda av ferie- og fritidstilbod som ikkje er stadbundne. Dette av omsyn til klima, landskaps-utvikling og inkluderande samfunnsutvikling der alle kan delta. Fylkeskommunen vonar kommunen vil halde fram med det gode arbeidet for lokal innsats som gir eit attraktivt, inkluderande og klimavenleg samfunn når arealplanen skal følgje opp samfunnsdelen. Kommunen bidreg til nasjonale og regionale mål med sine klare mål for arealutvikling. Det er positivt at kulturarven er tatt inn i planen, men fylkeskommunen saknar referanse til kulturminneplanen. Folkehelseperspektivet kjem tydeleg fram. Regional Plan for Vannforvaltning i Vannregion Vest-Viken bør leggast til grunn ved planlegging knytt til vatn. Når det gjeld klima, så etterlysast fleire målbare mål, gjerne knytt til prosentvise endringar i høve til utgangspunkt. Fylkeskommunen heier på dei gode prioriteringane for klima, arbeidsplassar, bustadutvikling og levekår, og spelar gjerne på lag for at Midt-Telemark kommune skal lukkast.

Kommentar: Uttala frå fylkeskommunen er omfattande og berre dei punkta der det konkret vert foreslått endring av planen er kommentert her. Prosjektgruppa drøfta tidleg om planen skulle byggast opp rundt FN sine berekraftmål, men landa på ei oppbygging av planen som bygger på visjonen. Det bør innleiingsvis i kap 4 visast til berekraftmåla, men dersom ein skal gå grundigare inn i målformuleringane for at planen i større grad skal ta opp i seg berekraftmåla, er det behov for meir tid enn framdriftsplanen tilseier. Måla i planen er likevel i høg grad i tråd med berekraftmåla. TFK saknar referanse til kulturminneplanen, men samfunnsdelen refererer ikkje til nokre planar. Kommentrane om vassforvaltning er knytt til planprogrammet (vedtatt i mars 2018) og ikkje til planen som no har vore på høyring. Konkrete mål for reduksjon av klimagassutslepp er ikkje sett i planen fordi ein har tenkt at dette vil bli sett i klima- og energiplanen. Ei konkretisering av mål 4.2 med eit målbart mål om reduksjon av klimagassutslepp krev tid til å rekne på kva som vil vere riktig mål for Midt-Telemark og korleis dette skal målast. Rådmannen vil tilrå at ein istadenfor føyer følgande til mål 4.2 «..og reduserer klimagassutslepp i tråd med nasjonale mål». Konkretisering av dette må skje i klima- og energiplanen.

- 4. Universitet i Sørøst-Norge** set pris på at planen tydeleg verdset USN og Campus Bø

som viktig motor for utviklinga i området. Oppmodar kommunen til å forankre planen i FNs berekraftsmål. Institutt for økonomi og IT meiner at ein må sikre høve til spreidd busettingsmønster.

Kommentar: Sjå kommentar under Telemark fylkeskommune vedr FNs berekraftsmål.

5. **Bø og Sauherad idrettsråd** uttaler at kommunen aktivt må bidra til etablering og utvikling av gode arenaer for idrett og aktivitet for barn og unge. Heile kommunen må takast i bruk, og barn og unge sikrast gode oppvekstmiljø og tilrettelagte aktivitetar i nærmiljøet. I 2.7.3 bør det føyast til «tilstrekkeleg antal».

Kommentar: I omgrepet «eigna» lokale/anlegg, så ligg etter rådmannen si vurdering «tilstrekkeleg» innbakt.

6. **Idrettslaget Kjapp** kommenter til strategi 1.1.1 at Kjapp og Gvarv blir slått saman, aktivitet leggst til Nordagutu og informerer om status og behov for anlegg. Vidare informerast om aktivitet knytt til folkehelse på Nordagutu.

Kommentar: Planen tar ikkje stilling til enkeltanlegg, dette må vurderast i kommunedelplan for idrett og friluftsliv.

7. **Akkerhaugen velforening, Norsjø ferieland AS, Norsjø hotell AS, Nærbutikken Akkerhaugen og Akkerhaugen.no** meiner at arealstrategien ikkje oppfyller satsinga på tettstadene i intensjonsavtale fordi Akkerhaugen er definert som grendesenter med enkeltstående/få tenester eller lokal møteplass. Dette vil svekke framtidig utvikling av Akkerhaugen som har vore kommunesenter i over 100 år. Akkerhaugen har i dag tenesteyting med høg besøksfrekvens, som kommunehuset, NAV og reiselivsverksemdene. Akkerhaugen bør vere sekundært kommunesenter jf at det er definert som kommunesenter i gjeldande ATP Telemark. Pkt 2 i arealstrategien bør endrast til at 70% av bustadbygging skal skje innanfor *tettstadene* og pkt 3 at det skal leggst til rette for høg utnytting i *sentrumskjerna i tettstadene*. Politiske møte bør leggst til kommunehuset på Akkerhaugen for å utnytte kommunale bygg.

Kommentar: Intensjonsavtala seier at ein skal prioritere utvikling av tettstadene for å styrke bustad- og næringsattraktiviteten. Arealstrategien legg opp til vidareutvikling av tettstadene, men nettopp for å styrke bustad- og næringsattraktiviteten er det gjort ei prioritering mellom tettstadene. Når Gvarv er prioritert framfor Akkerhaugen, så er dette på bakgrunn av kvar befolkningsauka har vore og kvar ein vesentleg funksjon for bustadattraktivitet som barne- og ungdomsskule er plassert. Reiselivsnæring er ikkje definert som tenesteyting, og arealstrategien pkt 5 er difor ikkje i konflikt med strategi 2.6.3 om utvikling av Akkerhaugen som reisemål. Dei funksjonane som no er aktuelle å legge til kommunehuset på Akkerhaugen er ikkje tenester med høg besøksfrekvens. Tenester som har høg besøksfrekvens er t.d. NAV, legesenter og helsestasjon. Det er ikkje aktuelt å lokalisere desse tenestene på Akkerhaugen. Vaksenopplæringa er allereie vedtatt lagt hit før arealstrategien er vedtatt, men arealstrategien vil vere styrande for langsiktig arealbruk og strategiske val framover. Når Akkerhaugen er definert som kommunesenter i gjeldande ATP Telemark, så er dette utifrå gjeldande kommunestruktur, og er ikkje førande for korleis nye Midt-Telemark kommune prioriterer mellom sine tettstader, jf. uttale frå Telemark fylkeskommune. Forslag til endring i pkt 2 er uttrykk for usemje om prioriteringa mellom tettstadene, eit grep som rådmannen

meiner er heilt naudsynt for å oppnå måla i planen. Pkt 3 i strategien kan endrast til at det skal leggjast opp til fortetting i kjerna av alle sentra i kommunen i tråd med uttala.

- 8. Akkerhaugen velforening og Norsjø ferieland AS** vil utvide tettstadgrensa for Akkerhaugen ut mot Ottersnes for å kunne utvikle tomter og næring/turisme på austsida av Norsjø. Ny avkøyring/veg til Liagrenda er sentralt her, behov for stor kommunale vilje for å få gjennomført. Reiseliv på Akkerhaugen representerer 60 000 gjestedøgn, dvs. 1/3 av turisme i ny kommune. Ønskjer at kommunen tar meir aktiv rolle i vidareutvikling av viktige område for turisme og lokalbefolkning på Akkerhaugen. Stiller seg bak uttalar frå Hans Kortner Ryen i Bø blad. Ønskjer at kommunen ikkje berre konsentrerer utviklinga om to tettstader.

Kommentar: Akkerhaugen vel og Norsjø ferieland har uttalt seg i to uttaler, med noko ulikt innhald. Arealstrategien seier at avgrensing av tettstadene følgjer prinsippa i gjeldande planar. Dette har vore grundig drøfta i fellesnemnda, og rådmannen vil ikkje tilrå å endre dette prinsippet. Nøyaktig avgrensing vil skje i arealdelen. 2.6.3 fangar opp ønsket om satsing på reiseliv på Akkerhaugen, og 2.6.4 prioritering av badeplassar. I gjeldande plan for Sauherad, er det ingen prioritering mellom tettstadene. I planforslaget er det gjort ei prioritering for ny og større kommune, der Akkerhaugen er eit av grendesentra der 30% av bustadveksten kan skje saman med Nordagutu. Det vil sei at planen legg opp til at Akkerhaugen er eit av tettstadene som skal utviklast vidare i ny kommune.

- 9. Nordagutu velforening** meiner at planen må ta inn oppfølging av stadutviklingsanalyse for Nordagutu og trekk fram kva som står att av gjennomføring av denne. Konkretiserer forslag til tiltak under 2.6.5 og 3.3.6, dvs. kva for areal det er behov for å sikre for nærfriluftsliv og badeplassar. Peikar på behov for vidareutvikling av Nordagutu stasjon og korrespondansen buss/tog.

Kommentar: Konkrete område blir ikkje nemnt i planen, men strategiane om friluftsområde og sikring av badeplassar må følgjast opp i tematiske delplanar og arealplanar. Utvikling av Nordagutu stasjon faller inn under strategi om kollektivtilbod 4.3.6.

- 10. Kulturstedet Guvihaug** minner om stadanalyse for Nordagutu frå 1997 og skriv at utvikling av Guvihaug er oppfølging av denne. Det er eit ønskje at planen bygger opp under kulturarvformidlinga her.

Kommentar: Det er ikkje naturleg å nemne Guvihaug særskilt i denne overordna planen

- 11. Midt-Telemark Høyre** kommenterer omtala av utviklingstrekk i kap 3 med forslag til strategiar for arbeidsplassutvikling (kommunen skal spele offensiv rolle, styrke reiseliv og handel, samarbeide med MTNU, legge til rette for tilstrekkeleg parkeringsareal og at gjennomgangstrafikken stopper og handlar i bygdесentra, forankring av planar hjå næringsinteresser). Oppvekstvilkår for barn og unge må sikrast, og Høyre ønskjer ein tydelegare profil for frivillige org. (1.1). 3.2: Bør endrast til at *alle* skal fullføre vgs. Stiller spørsmål til kommunen si kjennskap til marknaden og om arealstrategien er basert på innbyggerane sine ønskje. Ønskjer ikkje mål om fortetting (3) eller at 70/30-fordeling av bustadbygging (2) skal vere førande. Pkt 4 bør strykast og erstattast med punkt om plan for tilrettelegging for lågutsleppsbilar. Går mot formulering «tenesteyting med høg besøksfrekvens» i pkt

5. Pkt 6, 7 og 9 er bra.

Kommentar: Strategiane for arbeidsplassutvikling i uttala er i stor grad i tråd med mål og strategiar i planen, men enkelte av forslaga er meir detaljerte enn det som er naturleg å ta inn i planen. Planen har tydelege mål for frivilligheiten og strategiar for oppfølging. Ytterlegare konkretisering bør skje i frivilligheitsstrategi. Forslag til endring av mål om fullføring av vidaregåande skule er ikkje realistisk, og måla i planen må kunne innfriast. Føringar for utbyggingsmønster er m.a. basert på kunnskap om korleis bustadmarknaden har utvikla seg siste 10 år, ei utvikling som viser at innbyggjarane ønskjer å bu nært tenestetilbod, arbeidsplassar og sentrumsfunksjonar. Fortetting av sentra er naudsynt av fleire grunnar, både for å bevare dyrka mark, redusere transportbehov og gje høve til å gå og sykle i kvardagen, få til møteplassar for alle aldrar, styrke sentrumsfunksjonar og bygge opp grunnlag for eit godt kollektivtilbod. Innspel i planprosessen har vist at dette er viktige kvalitetar som både innbyggjarar og overordna mynde meiner er sentrale for ny kommune. Prinsipp om 70/30-fordeling i ATP-Telemark er førande for kommunane. Sjå kommentar under uttale frå Akkerhaugen vel om «Tenesteyting med høg besøksfrekvens», som er nedfelt i ATP Telemark. Pkt 4 er ein offensiv strategi og krev oppfølging både i arealdelen og gjennom arbeid i Bygdepakke Bø og Sauherad. I Bygdepakka samarbeider våre to kommunar tett med sentrale og regionale aktørar med korleis ein kan utvikle klimavenlege tettstader utanfor dei store byane og har oppnådd høg grad av truverd i arbeidet. Pkt 4 i arealstrategien er vesentleg for kommunane si truverd i det vidare samarbeidet. Potensialet for reduksjon av lokal biltrafikk er stor i Bødelen av den nye kommunen, der majoriteten av dei som går på skule og jobbar i Bø sentrum bur innanfor sykkelavstand. Dette tilseier at strategien er realistisk sjølv med befolkningsvekst og meir spreidd busettingsmønster i Sauheraddelen av ny kommune.

12. **MDG Midt-Telemark** foreslår følgjande endringar:

- 1.2.5: Meir forpliktande formulering, kommunen må ta ei meir aktiv rolle
- 2.1.3: Kollektivtilbod bør vidareutviklast for alle
- 2.2.1: føye til «og grøn næringsutvikling»
- 2.4.5: føye til «og som lågterskel møteplass for ungdom»
- Ny 2.5.4: Utvikle Farstodområdet for fysisk aktivitet, rekreasjon og sosialt samvær
- 2.6.6: Fjerne «utviding»
- 2.7.3: Ta med «handverksaktivitet»
- 2.7.4: Ta inn «kunstnarar og handtverkarar»
- 4.1.3: Inkludere bær dyrking.

Kommentar: I strategi 1.2.5 bør «legge til rette for» erstattast med «etablerer» for at kommunen skal ta ei meir aktiv rolle. Forslag til endring av 2.1.3 og 4.1.3 vurderast som gode presiseringar og bør endrast i tråd med uttala. «Grøn næringsutvikling» kan med fordel kome betre fram i planen, men ein vil foreslå å legge dette til strategi 4.5.1. Strategien om vidareutvikling av Gullbring kulturanlegg som eit regionalt kulturanlegg vert vurdert som tilstrekkeleg, i dette ligg også møteplass. Eigen strategi om Farstodområdet blir for detaljert i denne planen og er inkludert i 2.5.1. Strategi om hytteområde var tidlegare i prosessen formulert utan ordet «utviding». Dette kom inn på bakgrunn av politiske innspel, og rådmannen vil ikkje tilrå at dette endrast. Kunsthandverkarar kjem inn under omgrepet kunst. Anna handverksaktivitet vil vere inkludert i strategien om å legge til rette for nyetableringar og utvikling av eks. næringar. Tilrettelegging for kunstnarar er omfatta av 2.7.3.

13. **Anund G. Lindheim** stiller spørsmål ved om kunnskapsgrunnlaget i tilstrekkeleg grad er basert på lokale forhold og kvalitetssikra av t.d. Telemarkforskning. Planen seier ikkje om kommunen ønskjer å bli attraktiv for pendlarar, som t.d. pendlarar frå utlandet (flyktningar) og pendlarar frå naboområde. Satsingsområda i kap 4 er utydelege og figur på s 9 er forvirrande. Lindheim ønskjer definisjon av gangavstand og er kritisk til at ein kan nytte kollektivtransport på bygda. Han meiner kollektivtilbodet blir gradvis dårlegare. Foreslår at planen konkretiserast når det gjeld korleis kollektivtransport kan bli eit reelt alternativ ved modell som deler inn i nær- og fjernområder. Etterlyser mål om å redusere kommunale avgifter. Meiner at Telemarkskanalen ikkje kan vere eit fyrtårn for Midt-Telemark kommune, foreslår å bytte ut med «(delar av) Telemarksvassdraget». Norsjø ferieland og Lifjell bør nemnast. Lindheim stiller fleire spørsmål til arealstrategien, m.a. korleis Bø og Gvarv sentrum er definert og kva kriterium skal ligge til grunn for spreidd bustadbygging. Foreslår utbygging langs vegane inn mot sentrum framfor fortetting i sentrum og er kritisk til pkt 3 og 5 om fortetting mhp tap av grønstruktur og meir trafikk. Han støtter pkt 6 om jordvern m.m., men spør kva vurderingar som skal sjekkast ut ved spørsmål om sikring av verdiane i punktet.

Kommentar: Det meste av kunnskapsgrunnlaget er statistikk og analyser spesifikt for Sauherad og Bø, og Telemarkforskning står bak mye av dette. Planen har ikkje mål om at Midt-Telemark skal bli attraktivt særskilt for pendlarar, men har mål om befolkningsvekst og 400 nye arbeidsplassar slik at ein ikkje aukar pendlarandelen. Satsingsområda er forankra i visjonen og er ein måte å systematisere måla på. Desse kunne hatt andre og meir presise overskrifter, men da hadde ein mista koplinga til visjonen. Skissa på s 15 bør redigerast for å hindre mistydingar, jf. uttale frå UNPT i Sauherad. I delar av kommunen kan det vere riktig at kollektivtilbodet har blitt dårlegare, men togtilbodet på Sørlandsbanen og busstilbodet på rv 36 har blitt betydeleg betra dei siste åra. Fylkeskommunen har ansvar for kollektivtilbodet, men kommunen har ansvar for utbyggingsmønsteret, som er avgjerande for om ein kan utvikle eit godt kollektivtilbod. Arealstrategien legg opp til at mesteparten av veksten skal kome der det er eit akseptabelt kollektivtilbod. Kollektivtilbodet krev eit visst befolkningsgrunnlag og er lite foreineleg med eit spreidd utbyggingsmønster. Kommunen har tatt initiativ til samarbeid både med fylkeskommune, busselskap, Bane NOR og Go Ahead om vidareutvikling av tilbodet gjennom Bygdepakke Bø og Sauherad. Reduserte kommunale avgifter er ikkje eit mål i planen, men det er mål om effektivitet i tenestene. Mål om kompakt utbyggingsmønster vil også kunne påverke kostnadsnivået. Telemarkskanalen regionalpark omfattar også Sauherad og Notodden som kanalkommunar, så i reiselivssamanheng er det riktig å nytte eigennamnet Telemarkskanalen også om Norsjø, Sauarelva, Bråfjorden og Heddalsvatnet. Sentrum i Bø og på Gvarv er definert i gjeldande arealdelar, jf. pkt 5. Sjå kommentar under uttale frå Midt-Telemark Høyre om fortetting. Arealstrategien definerer prinsipp som arealdelen skal bygge på. Konkretisering av kriterium for konsekvensutgreiing, t.d. for naturmangfald, må utarbeidast i planprosessen for arealdelen.

Interne politiske uttaler

14. **Utval for næring, plan og teknikk i Sauherad** er bekymra for at planen set ein stopper for bustadbygging i Sauherad, ved at bustadbygging i hovudsak skal skje innanfor tettstadgrensa til Gvarv. Dette pga. mangel på eigna og attraktive nye bustadområde her. Utvalet foreslår følgjande endringar av arealstrategien:
- Hørte definerast som grendesenter (1)
 - Strategi 3: Det må leggest til rette for fortetting også innanfor eksisterande

sentra i definerte grendesenter

- Strategi 4 er ikkje realistisk. Ny kommune vil ha eit spreidd bustadmønster uavhengig av arealstrategien, og det er ikkje fylkeskommunal vilje til å satse på g/s-veggar eller kollektivtransport utanfor Grenland. I tillegg til gange, sykkel og kollektiv bør ein styrke satsing på utsleppsfrie bilar gjennom m.a. ladestasjonar
- Planen tar ikkje inn over seg at det vil vere utstrakt kommunal tenesteyting på Akkerhaugen, må takast inn for å bygge opp under fortsatt bruk av kommunal bygningsmasse på Akkerhaugen (5)
- Strategi 7: Sikring av viktige friluft- og naturområde må ikkje gå utover tradisjonelt skog- og landbruk, men bør konsentrere seg om å sikre mot utbygging
- Det bør i mye sterkare grad leggjast til rette for innbyggjarane si bruk av vassdraget, reiseliv, mindre bustadfelt langs vassdraget og større bustadfelt knytt opp mot eks tettstader langs vassdraget. I samarbeid med landbruket bør ein jobbe for å rydde strandsona for vegetasjon og tiltak for lette tilgangen til vassdraget for befolkinga

Prinsippskissa må fjernast/oppdaterast fordi den ikkje viser heile kommunen, alle tettstader eller heile kollektivnettet og er misvisande i høve til landbruksområde.

Kommentar: Det ligg i dag om lag 40 ubygde, regulerte tomter på Hørte. Bustadbehovet i heile Sauheraddelen av ny kommune fram til 2028, inkl. Gvarv, Akkerhaugen og Nordagutu, er ifølgje Husbanken om lag 38. Det vil sei at den utbygginga som allereie er godkjent på Hørte er meir enn tilstrekkeleg i planperioden. Hørte vil også i ny kommune vere innanfor skulekrinsen til Sauherad barne- og ungdomsskule, og elevar vil vere avhengig av skuleskyss til Gvarv. Dersom ny kommune skal satse på vekst på Hørte, bør dette følgjast av rekkefølgjekrav om g/s-veg til Bø eller Gvarv, slik at veksten bygger opp under eit av dei prioriterte sentra. Dersom Hørte skal definerast som grendesenter, bør det vurderast om t.d. Folkestad, der det er fleire funksjonar som barnehage, klatrepark, Sommarland og campingplass, i så fall også burde definerast som grendesenter. Etter rådmannen si vurdering er det vesentleg for framtidig utvikling av Midt-Telemark kommune at ein prioriterer mellom tettstadene og er tydelege på å støtte opp om Gvarv og investeringane som blir gjort der. Sjå kommentar under uttale frå Akkerhaugen vel vedr pkt 3 og 5 i arealstrategien og Midt-Telemark Høyre vedr pkt 4. Kommunen sitt viktigaste verkemiddel for sikring av friluft- og naturområde er styring av utbyggingsmønster gjennom arealplanar, jf. strategiane under mål 4.4, men kommunen har både ansvar for og verkemiddel til å ivareta naturverdiar gjennom anna lovgiving og nasjonale føringar. Pkt 8 i arealstrategien er tydeleg på at strandsona skal sikrast for ålmenta og opnast for reiselivsutvikling, og strategi 4.4.3 er ein offensiv satsing på tilgang for innbyggjarar og turistar. Strategien opnar også for bustadbygging i knytt til strandsona. UNPT har ikkje konkrete forslag til endring av pkt 8 i arealstrategien, og rådmannen vil ikkje tilrå endring av denne. Rydding langs vassdraget vil vere positivt, men dette er eit konkret tiltak som må vurderast i tematiske planar. Prinsippskissa på s 15 bør reviderast slik at heile kommunen blir med, rute for Bøbussen blir lagt inn og at teiknforklaringa tydeleggjer at landbruksareal berre er vist i tilknytning til sentra for å vise begrensingane for utbygging som ligg i dette.

15. Hovudutval for plan, teknikk og næring i Bø presiserer at det må takast høgde for

areal til næring og tyngre industri.

Kommentar: Strategi 2.2.4 fangar opp dette.

16. **Hovudutval for helse og velferd (HV) i Bø** stiller seg bak uttala frå RFU/eldreråd, og foreslår ei presisering av strategi 3.1.1 om at ein i arbeidsgivarstrategien legg vekt på å rekruttere kompetanse og tilby større stillingar for å bli betre i stand til å yte gode og effektive tenester.

Kommentar: Sjå kommentar under uttala frå RFU/eldreråd. Strategi 3.1.1 bør endrast for å presisere behovet for å rekruttere kompetase og tilby større stillingar. Strategien må også vurdere andre tilhøve, og ein foreslår difor følgjande formulering: «Har ein arbeidsgivarstrategi som legg vekt på å rekruttere kompetanse og tilby større stillingar og gjer kommunen i stand til å yte gode og effektive tenester».

17. **Hovudutval for helse og velferd (HOV) i Sauherad** støtter uttala frå Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Kommentar: Sjå kommentar under uttala frå RFU/eldreråd.

18. **Hovudutval for oppvekst, kultur og integrering i Sauherad** (utvalet hadde ikkje behandla saka ved utsending av denne saka, uttale ettersendast til fellesnemnda)
19. **Hovudutval for oppvekst og kultur i Bø** (utvalet hadde ikkje behandla saka da denne saka ved utsending av denne saka, uttale ettersendast til fellesnemnda)
20. **Råd for funksjonshemma og eldreråd i Bø og Sauherad** foreslår tillegg til tekst på s 8: «(..) leggje til rette for ønska utvikling. For å få flest mulig med vil Midt-Telemark kommune satse på universell utforming på alle arenaer.» Foreslår tillegg til strategi om buss- og togtilbod: «Vidareutviklar buss- og togtilbodet for pendlarar alle i kommunen» Strategi 3.4.2 bør endrast slik «Prioritere tilstrekkelige ressursar til heimetenester (heimesjukepleie og heimehjelp), kvar dagsrehabilitering, kortids-/rehabiliteringsplassar ved institusjon, dagtilbod og velferdsteknologi.»

Kommentar: Teksten på s8 er ikkje mål, men ei omtale av satsingsområda. Innhaldet i tillegget ligg allereie inne i strategi 3.5.4., men denne kan presiserast ved å legge til «aktivitetar». Strategi 2.1.3 om kollektivtilbod endrast i tråd med uttala, jf. uttale frå MDG. Strategi om heimetenester (3.4.2) vert foreslått endra slik på bakgrunn av denne uttala og uttala frå helse/velferd og kommuneoverlege/kommunepsykolog: «Utvikle heimtenesta for å ivareta medisinske og praktiske behov og tryggleik for heimebuande med nedsett funksjon og prioritere aktivitetstilbod på dagtid for desse»

21. **Ungdomsrådet i Bø** ønsker betre busstilbod i helgene og på kveldstid. Viktig for å nå målet om fullføring av vidaregåande skule er at ungdomsskulen nyttar prøveaktivitetsplan systematisk, slik at skulekvardagen skal bli meir mindre stressande. Fleire valfag/høve til fleire val på bakgrunn av interesser og evner, dvs. meir individuell tilpassing, kan føre til auka gjennomføring. Opplev ikkje at skulen

prioriterer «Liv og røre», prosjekt som skal gje fysisk aktivitet og sunne og inkluderande måltid. Viktig med lærarar som motiverer og er gode rollemodellar (kjem tidsnok, skjermbruk). Elevane opplev at dei har lite tid til å ete, særskilt når dei har gym. Viktig for det psykososiale miljøet. Når det gjeld korleis kommunen kan legge til rette for uorganisert aktivitet, så foreslår ungdomsrådet open Telemarkshall i helgene om vinteren og at hallen i Gullbring er open når den ikkje er i bruk av andre. Skøytebanen ved USN nemnast som positivt tiltak for uorganisert aktivitet. Ønskjer meir samarbeid mellom idrettslaga.

Kommentar: Ungdomsrådet kjem med gode innspel på tiltaksnivå, som bør følgast opp i temaplanar, særskilt for oppvekst. Ungdomsrådet ønskjer betre busstilbod, sjå kommentar om kollektivtrafikk under uttale frå A. Lindheim.

Interne administrative uttaler

22. **Sektor for oppvekst Bø og Sauherad** saknar meir om kompetanse for vaksne. Omgrepet tidleg innsats i barnehagane må vere med. Viktig med presisering om å styrke tverrfagleg arbeid i skule og barnehage, ikkje berre skulehelsetenesta. For mykje fokus på mjuke trafikantar, heng ikkje saman med kollektivtilbodet. Må å ta vare på både bilbygda og sykkelbygda Bø. Visjonane er så store at innbygarane kan miste trua på at noko vil skje. Ønskjer konkrete delmål i underplanar som kan etterprøvast og forpliktar. Planen bør vise meir av fellesskapsfølelse for Midt-Telemark kommune. Med fokus på medverknad for unge, må planen vere meir forståeleg. Den enkelte aldersgruppe bør kjenne att sine interesseområde. Mål 2.3 bør endrast slik: «*M-T er ein aktiv vertskommune og gir godt tenestetilbod til barnehagebarn, grunnskulelevar, vidaregåande elevar og studentar*»

Kommentar: Strategi 3.1.1 om arbeidsgjevarstrategi vil ta for seg kompetanse for vaksne (tilsette). 3.1.2 omfattar all tidleg innsats, utan at barnehage eller andre tenester er nemnd særskilt. Konkretisering innanfor oppvekst vil skje i kommunedelplan for oppvekst. Mål 2.3 handlar om vertskommunerolla for skular som kommunen ikkje sjølv eig eller har ansvar for, og det er difor ikkje naturleg å ta grunnskulen inn her. Barnehage og grunnskule er kommunale tenestetilbod, som omfattast av mål 3.1. Sjå kommentar under uttale frå A. Lindheim om kollektivtilbod.

23. **Sektor for helse, omsorg og velferd Bø og Sauherad:** Strategi 3.1.2 bør omfatte førebygging og 3.1.3 velferdsteknologi. Under strategi 3.3.4 vil dei ha inn *meir* satsing på *førebygging, tidleg intervensjon og lågterskel behandlingstilbod*. Forslag til ny strategi: «*Sørge for at det blir sett i verk arbeid-, aktivitets- og trivselstiltak for barn, eldre og funksjonshemma og andre som har behov for det*». Foreslår endring av 3.4.2 som RFU/eldrerådet.

Kommentar: Forslag til endring av strategi 3.1.2 og 3.1.3 gir gode presiseringar av måla og bør endrast i tråd med uttala, og «førebygging» bør takast inn i 3.3.4. Forslag til ny strategi er omfattande og er tiltak som må kome i sektorplanar. Med foreslått endring av 3.4.2 jf. innspel frå RFU/eldrerådet er aktivitetar på dagtid for heimebuande tatt inn.

24. **Kommunepsykolog og kommuneoverlege Bø og Sauherad** foreslår endringane under og spør kva «blågrøne strukturer» er.
- 3.1.3: «som gir tryggleik for brukarane, god tenestekvalitet og effektiv

tenesteproduksjon».

- 3.1.4: Vil ha inn *systematisk tilbakemelding og faglege retningsliner*.
- 3.2 til «(..) min 85% av elevane fullfører *skulegang og utdanning og kjem i arbeid*».
- 3.2.2: Bytte ut «aktivt» med «systematisk» og inkludere SFO
- 3.4.2: Endre til «Prioriterer *heimetenesta for å ivareta medisinske (...) for heimebuande med nedsett funksjon, samt aktivitetstilbod på dagtid for desse*»

Kommentar: Forslag til endring av 3.1.3 og 3.2.2 gir gode presiseringar av måla og bør endrast i tråd med uttala. 3.4.2 bør endrast delvis i tråd med uttala. Faglege retningsliner leggst til 3.1.4, men systematisk tilbakemelding som tiltak bør inn i sektorplanar. Forslag til endring av 3.2 er vanskelegare å måle enn i planforslaget og bør ikkje endrast. Blågrøn struktur er eit innarbeidd omgrep innanfor arealplanlegging og arbeid med klimatilpassing og handtering av overvatn, og omfattar nettverket av naturlige og seminaturlege grønstruktur og vassveggar.

Ungdomsrådet i Sauherad har diskutert planforslaget, men ikkje kome med skriftleg uttale. I diskusjonen var ungdomsrådet opptatt av behov for rimelegare busstilbod, fleire bussavgangar på kvelder og i helger og møteplassar for ungdom, t.d. utvida tilbod i Gullbring og aktivitetar på Kjernehuset.

Konklusjon

Forslag til felles samfunnsdel av kommuneplanen bør på bakgrunn av høyringsuttaler endrast slik det går fram av oppsettet under. Innholdsmessige endringar er markert ved at formuleringar som er fjerna er vist med parentes og tilleggstekst er vist med **feit skrift**. Tekstendringar av språkleg karakter er ikkje markert.

Satsingsområde

FN sine berekraftmål og kopling til planen omtalast innleiingsvis.

11. SAMAN

1. Midt-Telemark har ein sterk og aktiv frivillig sektor
 1. *Kartlegg aktivitet i frivillig sektor og potensiale for samskaping med kommunen*
 2. *Samarbeider med frivillig sektor om forutsigbare rammevilkår*
 3. *Høyrer frivillig sektor i aktuelle saker*
 4. *Samarbeider og har regelmessig dialog med frivillige lag og organisasjonar*
2. Innbyggjarar i Midt-Telemark kommune opplever tilhøyrighet til ny kommune
 1. *Sikrar medverknad i alle planar og i utviklingsprosjekt*
 2. *Sikrar barn og unge innverknad i saker som angår dei*
 3. *Legg til rette for naudsynt digital infrastruktur og kompetanse hos innbyggjarane*
 4. *Gir innsikt i prosessar, resultat og prioriteringar gjennom digitale løysingar*
 5. *(Legg til rette for) **Etablerer** felles møteplassar for ungdom frå heile kommunen*
 6. *Har ein tydeleg grafisk profil i møte med innbyggjarane*
3. Kommune, næringsliv og innbyggjarar har tillit til kvarandre
 1. *Kommuniserer tydeleg og opent med innbyggjarane og gir*

rom for deltaking

- 2. Legg til rette for innsyn og openheit i besluttingsprosessar*
- 3. Etablerer forum for samarbeid mellom kommune, næringsliv og Universitetet i Sørøst-Norge*
- 4. Har fokus på rettstryggleik og lik behandling ved utøving av offentlig mynde og arbeider i tråd med vedtekne planar.*

12. SKAPAR

1. Folketalet i Midt-Telemark kommune veks på høgde med landsgjennomsnittet
 - 1. Utviklar lokalsamfunnet gjennom strategisk planlegging, risikokovilje og gjennomføringskraft*
 - 2. Legg til rette for eit variert bustadtilbod tilpassa behov og alder*
 - 3. Vidareutviklar buss- og togtilbodet (for pendlarar)*
2. Det etablerast 400 nye arbeidsplassar i Midt-Telemark kommune
 - 1. Prioriterer utviklingsprosjekt og samhandling med eksterne aktørar*
 - 2. Styrkar samarbeidet mellom næringsapparatet, landbrukskontoret og destinasjonsselskapet*
 - 3. Legg til rette for nyetableringar og vidareutviklar eksisterande næringar*
 - 4. Legg til rette for attraktive næringsareal*
3. Midt-Telemark er ein attraktiv skule- og studiestad
 - 1. Er ein aktiv vertskommune og gir eit godt tenestetilbod for elevar og studentar*
 - 2. Etablerer samarbeidsfora med USN, Studentsamskipnaden i Sørøst-Norge, Bø vgs og Sagavoll folkehøgskule.*
 - 3. Samarbeider med aktørane på Campus Bø om vidareutvikling av campus og etablering av forskingspark.*

13. Bø sentrum er eit levande regionsenter for handel og utdanning i Vestfold og Telemark

- 1. Legg til rette for fortetting med bustad, næring og urbane kvaliteter i og i gangavstand til sentrum*
- 2. Vidareutviklar eit kompakt sentrum der detaljhandel er konsentrert til dagens handelssentrum*
- 3. Vidareutviklar kollektivknutepunktet Bø stasjon*
- 4. Prioriterer gåande, syklande og kollektivtrafikk for å stoppe veksten i lokal biltrafikk i sentrum og for å utvikle eit attraktiv sentrum.*
- 5. Vidareutviklar Gullbring kulturanlegg som eit regionalt kulturanlegg*
- 6. Arbeider for lokalisering av statlege arbeidsplassar til regionsenteret*

14. Gvarv er eit levande lokalsenter for bustad, handel og næring i Midt-Telemark kommune

- 1. Legg til rette for fortetting med bustad, næring og attraktive møteplassar i og i gangavstand til sentrum.*
- 2. Vidareutviklar kollektivknutepunktet Gvarv*
- 3. Lokaliserer offentlig tenestetilbod i sentrum*

15. Midt-Telemark er eit attraktivt reisemål med Bø Sommarland og Telemarkskanalen som fyrårn

- 1. Er ein aktiv vertskommune for reiselivet gjennom lokalt og regionalt*

destinasjonsselskap

2. *Støttar opp under satsingane langs aksen Lifjell-Bø Sommarland-fruktbygda-Norsjø/ Telemarkskanalen*
 3. *Legg til rette for vidareutvikling av Akkerhaugen som reisemål og knutepunkt for reiseliv knytt til Telemarkskanalen*
 4. *Prioriterer utvikling og vedlikehald av offentleg infrastruktur knytt til reisemål og attraksjonar*
 5. *Sikrar og legg til rette badeplassar og tilkomst til friluftsområde.*
 6. *Legg til rette for utvikling og utviding av eksisterande hytteområde*
16. Midt-Telemark er ein av landets fremste kulturkommunar
1. *Legg til rette for at alle innbyggjarar har tilgang til eit godt og mangfaldig kulturtilbod*
 2. *Utviklar og styrker den kulturelle grunnmuren som består av bibliotek, kulturskule, kulturhus med kino, museum og aktivitet i frivillige lag og organisasjonar*
 3. *Legg til rette for at idrett-, kunst og kulturaktivitet har eigna lokale og anlegg*
 4. *Er ein aktiv og kompetent vertskommune for lokale og regionale kulturinstitusjonar og –arrangørar*
 5. *Tar vare på historisk identitet gjennom sikring og formidling av kulturarven*

17. VI

1. Midt-Telemark kommune gir gode, effektive og tilpassa tenester til innbyggjarane
 1. *Har ein arbeidsgjevarstrategi som **legg vekt på å rekruttere kompetanse og tilby større stillingar** og gjer kommunen i stand til å yte gode og effektive tenester*
 2. *Prioriterer tidleg innsats, **førebygging** og samarbeid systematisk på tvers av fagområde og tenester*
 3. *Integrerer digitale verktøy og **velferdsteknologi** i tenesteproduksjonen, som gir (betre) trygghet for brukarane, (betre) **god** tenestekvalitet og (meir) effektiv tenesteproduksjon*
 4. *Arbeider systematisk med kvalitetsutvikling i tenestene ved hjelp av brukarmedverknad, - undersøkingar og styringsdata og **faglege retningslinjer***
2. Midt-Telemark kommune har ein oppvekstpolitikk som sikrar at minimum 85% av elevane fullfører vidaregåande skule
 1. *Auke nivå på grunnskulepoeng ved å gi differensiert og tilpassa undervisning med høg kvalitet*
 2. *Arbeider (aktivt) **systematisk** med psykososialt miljø i skular, **SFO** og barnehagar*
 3. *Styrkar samarbeidet NAV, Oppfølgingstenesta og kommunen*
 4. *Vidareutviklar skulehelsetenesta (i form av) **ved å prioritere tverrfagleg samarbeid, kompetanseheving og målretta innsats***
 5. *Tar inn lærlingar i alle kommunale tenester*
3. Innbyggjarane i Midt-Telemark har eit aktivt og helsefremjande liv
 1. *Legg folkehelseperspektiv til grunn for all planlegging*
 2. *Bruker kulturtenestene aktivt i folkehelsearbeidet*

3. *Vektlegg utjamning av sosial ulikskap ved utvikling av alle kommunale tenester*
 4. *Utviklar det psykiske helsetilbodet med satsing på **førebygging og lågterskel behandlingstilbod***
 5. *Legg til rette for frivillig organisert og uorganisert aktivitet*
 6. *Sikrar areal til nærfriluftsliv og leik der folk bur*
 7. *Prioriterer utbygging og vedlikehald av gang- og sykkelnett*
 4. Innbyggjarar i Midt-Telemark med behov for tilpassa tenester skal kunne bu heime så lenge som mogleg
 1. *Legg til rette for eit variert bustadtilbod der generasjonar kan møtast*
 2. ***Utvikle heimtenesta** for å ivareta medisinske og praktiske behov og tryggjelek **for heimebuande med nedsett funksjon og prioritere aktivitetstilbod på dagtid for desse***
 3. *Vidareutviklar og styrkar rehabiliteringstenesta*
 5. Alle har like høve til å delta i aktivitetar i samfunnet uavhengig av funksjonsnivå, sosial, kulturell eller økonomisk bakgrunn
 1. *Tar imot flyktingar på nivå med statlege forventningar*
 2. *Legg til rette for opne og inkluderande møteplassar*
 3. *Arbeider systematisk med kommunen som ein inkluderande arbeidsplass*
 4. *Utformar bygg, anlegg, **aktivitetar** og digitale tenester universelt slik at dei kan nyttast av alle menneske med ulikt funksjonsnivå*
18. Midt-Telemark kommune gir gode, effektive og tilpassa tenester til innbyggjarane
1. *Har ein arbeidsgjevarstrategi som **legg vekt på å rekruttere kompetanse og tilby større stillingar og** gjer kommunen i stand til å yte gode og effektive tenester*
 2. *Prioriterer tidleg innsats, **førebygging** og samarbeid systematisk på tvers av fagområde og tenester*
 3. *Integrerer digitale verktøy **og velferdsteknologi** i tenesteproduksjonen, som gir (betre) trygghet for brukarane, (betre) **god** tenestekvalitet og (meir) effektiv tenesteproduksjon*
 4. *Arbeider systematisk med kvalitetsutvikling i tenestene ved hjelp av brukarmedverknad, - undersøkingar og styringsdata **og faglege retningsliner***
19. Midt-Telemark kommune har ein oppvekstpolitikk som sikrar at minimum 85% av elevane fullfører vidaregåande skule
1. *Auke nivå på grunnskulepoeng ved å gi differensiert og tilpassa undervisning med høg kvalitet*
 2. *Arbeider (aktivt)**systematisk** med psykososialt miljø i skular, **SFO** og barnehagar*
 3. *Styrkar samarbeidet NAV, Oppfølgingstenesta og kommunen*
 4. *Vidareutviklar skulehelsetenesta (i form av) **ved å prioritere** tverrfagleg samarbeid, kompetanseheving og målretta innsats*
 5. *Tar inn lærlingar i alle kommunale tenester*
20. Innbyggjarane i Midt-Telemark har eit aktivt og helsefremjande liv
1. *Legg folkehelseperspektiv til grunn for all planlegging*
 2. *Bruker kulturtenestene aktivt i folkehelsearbeidet*
 3. *Vektlegg utjamning av sosial ulikskap ved utvikling av alle kommunale*

tenester

4. *Utviklar det psykiske helsetilbodet med satsing på **førebygging og lågterskel behandlingstilbod***
 5. *Legg til rette for frivillig organisert og uorganisert aktivitet*
 6. *Sikrar areal til nærfriluftsliv og leik der folk bur*
 7. *Prioriterer utbygging og vedlikehald av gang- og sykkelnett*
21. Innbyggjarar i Midt-Telemark med behov for tilpassa tenester skal kunne bu heime så lenge som mogleg
1. *Legg til rette for eit variert bustadtilbod der generasjonar kan møtast*
 2. ***Utvikle heimtenesta** for å ivareta medisinske og praktiske behov og tryggleik **for heimebuande med nedsett funksjon og prioritere aktivitetstilbod på dagtid for desse***
 3. *Vidareutviklar og styrkar rehabiliteringtenesta*
22. Alle har like høve til å delta i aktivitetar i samfunnet uavhengig av funksjonsnivå, sosial, kulturell eller økonomisk bakgrunn
1. *Tar imot flyktningar på nivå med statlege forventningar*
 2. *Legg til rette for opne og inkluderande møteplassar*
 3. *Arbeider systematisk med kommunen som ein inkluderande arbeidsplass*
 4. *Utformar bygg, anlegg, **aktivitetar** og digitale tenester universelt slik at dei kan nyttast av alle menneske med ulikt funksjonsnivå*

1. FRAMTIDA

4.1 Midt-Telemark har ein innovativ landbruksnæring som aukar verdiskapinga i landbruket i planperioden

4.1.1 *Legge til rette for samarbeid mellom relevante kompetansemiljø, kommunen og næringa*

4.1.2 *Praktiserer eit strengt jordvern*

4.1.3 *Legg til rette for eit levande miljø og ein tydeleg profil innanfor frukt- og bær dyrking og vidareforedling*

4.2 Midt-Telemark kommune har eit miljømessig ansvarleg forbruk og produksjon **og reduserer klimagassutslepp i tråd med nasjonale mål**

1. *Arbeider systematisk for å redusere direkte og indirekte klimagassutslepp*
2. *Prioriterer vedlikehald av eksisterande bygg og anlegg*
3. *Baserer utbyggingsprosjekt på framtidsretta energiløysingar og materialbruk*
4. *Miljøsertifiserer kommunale verksemdar*
5. *Lokaliserer kontorarbeidsplassar, detaljhandel og publikumsretta funksjonar til region- og lokalsenter*
6. *Sikrar infrastruktur for mjuke trafikantar ved alle utbyggingar og langs hovudvegane*
7. *Lokaliserer større bustadområde i tilknytning region- og lokalsentra med skule og tenestetilbod*
8. *Samarbeider med overordna mynde om samordna areal- og transportplanlegging*
9. *Fortettar med bustad og næring innanfor eksisterande sentrumsavgrensingar i regionsenter og lokalsenter*
10. *Utviklar kollektivtilbodet langs sentrale aksar og bygger opp under Sørlandsbanen og Bratsbergbanen.*

4.4 Midt-Telemark har attraktive, verdifulle og tilgjengelege natur- og friluftsområde

4.4.1 *Kartlegg naturmangfald og friluftsområde*

- 4.4.2 Sikrar verdifult naturmangfald og viktige friluftsområde i arealplanar
 4.4.3 Legg til rette i arealplanar for ein samanhengande «kyststi» langs Norsjø og Bøelva

2. Kommune, næringsliv og utdanningsinstitusjonar stimulerer saman til innovasjon og nyskaping
 5. Samarbeider med næringsliv, USN og skular om digitalisering, forskning, innovasjon **og grøn næringsutvikling**
 6. Tar i bruk teknologi som bidrar til tenesteinnovasjon og effektive tenester
 7. Bidrar til nyskaping og produktivitet gjennom innovative anskaffingar
1. Samarbeider med næringsliv, USN og skular om digitalisering, forskning, innovasjon **og grøn næringsutvikling**
2. Tar i bruk teknologi som bidrar til tenesteinnovasjon og effektive tenester
3. Bidrar til nyskaping og produktivitet gjennom innovative anskaffingar
4. Integrerer omsyn til klimaendringar i all fysisk planlegging
5. Kartlegg risiko for flaum og skred
6. Sikrar og vidareutviklar blågrøne strukturer som kan handtere ekstremnedbør

Arealstrategiar

Prinsippskissa utvidast slik at heile kommunen er med, Bøbussruta leggast inn og teiknforklaring tydeleggjer at det berre er sentrumsnære landbruksområde som er vist.

1. Bø utviklast som regionsenter for Telemark, Gvarv som lokalsenter for Midt-Telemark kommune og Akkerhaugen og Nordagutu som grendesentra. Avgrensing av tettstadene følger prinsippa i gjeldande arealdelar.
2. 70% av bustadbygging i kommunen skal skje innanfor tettstadene Bø og Gvarv. Anna bustadbygging skal bygge opp under eksisterande grendesentra, men det skal vere høve til spreidd bustadbygging etter gitte kriteria.
3. Det leggast til rette for fortetting med fokus på kvalitet, vassvegar og grønstruktur i (sentrums)kjerna av **alle sentra i kommunen**
4. Veksten i lokal persontransport skal takast gjennom gange, sykkel og kollektivtransport
5. Tenesteyting med høg besøksfrekvens og detaljhandel over 800 m² konsentrerast til Gvarv og Bø sentrum ved fortetting innanfor dagens sentrumsgrenser. Plasskrevjande handel kan etablerast utanfor sentrum i Oredalen, Brenna og Bø handelspark.
6. Dyrka og dyrkbar mark, kulturlandskap, kulturmiljø og naturmangfald skal sikrast.
7. Viktige friluft- og naturområde og tilkomst frå bustadområde skal sikrast
8. Strandsona skal sikrast for allmenta, og det skal opnast for reiselivsutvikling knytt til vassdraget. Bustadbygging knytt til strandsona skal ikkje redusere verdiane i strandsona eller tilkomsten for allmenta.
9. Det leggast til rette for variert bustadstruktur for å sikre sosiale møteplassar, mangfald og liv i nærmiljøet
10. Bygging av fritidsbustader skal skje ved fortetting i tilknytning til eksisterande område for fritidsbustader og styrking av eksisterande destinasjonar

Vedlegg:

| | | |
|------------|---|--------|
| 23.11.2018 | Samfunnsdel av kommuneplan for Midt-Telemark kommune. 1.gongs behandling i fellesnemnda | 412634 |
| 26.11.2018 | Kommuneplanens samfunnsdel Midt-Telemark 2019- | 412702 |

| | | |
|------------|---|--------|
| | 2031, høring | |
| 23.11.2018 | Planbeskrivelse | 412633 |
| 21.12.2018 | Uttalelse - Offentlig ettersyn - Kommuneplan for Midt-Telemark kommune 2019 - 2031 - Samfunnsdel | 415807 |
| 15.01.2019 | Høyringsuttale til offentlig ettersyn av samfunnsdel av kommuneplan for Midt-Telemark kommune 2019-2031.PDF | 418174 |
| 13.12.2018 | 18_16033-7Samfunnsdel av kommuneplan for Midt-Telemark kommune 2019-2031. Høyringsuttale til høyringsutkast | 414910 |
| 08.01.2019 | Offentleg ettersyn av samfunnsdel av kommuneplan for Midt-Telemark kommune 2019-2031 | 416877 |
| 09.01.2019 | Offentlig ettersyn av samfunnsdel for kommunedelplan for MT kommune 2019-2031 innspill fra IR | 417148 |
| 10.01.2019 | Uttale fra Idrettslaget Kjapp | 417641 |
| 09.01.2019 | Innspill og merknader til kommuneplanens samfunnsdel, fra Akkarhaugen vel m fl. | 417208 |
| 08.01.2019 | Innspill kommuneplan fra Norsjø Ferieland og Akkarhaugen Velforening | 416893 |
| 10.01.2019 | Uttale fra Nordagutu vel | 417638 |
| 08.01.2019 | Innspill til samfunnsdelen av kommuneplanen for Midt-Telemark fra Guvihaug | 416890 |
| 08.01.2019 | Kommuneplanens samfunnsdel, 17/2804 - Kommentarer fra Midt-Telemark Høgre | 416880 |
| 07.01.2019 | Kommuneplanens samfunnsdel, 172804 | 416816 |
| 09.01.2019 | HØRINGSNOTAT FOR SAMFUNNSDEL AV KOMMUNEPLAN FOR MIDT-TELEMARK KOMMUNE 2019-2031 - kommentarer fra Anund G. Lindheim | 417269 |
| 06.02.2019 | Høyring i utvala i Sauherad - | 421215 |
| 06.02.2019 | Høyring i utvala i Bø - | 421217 |
| 30.01.2019 | Referat ungdomsrådet.Bø.22.1.19 | 420428 |
| 10.01.2019 | Innspill til samfunnsplanen fra sektore oppvekst Bø og Sauherad | 417543 |
| 18.01.2019 | Felles svar fra Helse og velferd i Bø og Sauherad på høringa av den nye samfunnsdelen til kommuneplanen | 418579 |
| 21.01.2019 | Nokre innspel til samfunnsdelen plan for ny kommune | 418912 |